**05/26 Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd**

**Stad: Kyrkjelydshuset**

**Tid: Torsdag 10.08. kl 19.00-21.00**

Meld forfall til Margun, tlf 909 22 572/ mmtordal@gmail.com eller Tor Håkon tlf 408 84 271

Opning: Margun

Jubileumsnemnda er inviterte til å eta lasagne og salat ilag med oss. Renate og Margun førebur maten.

Etterpå begynner me på saklista der også jub.nemnda deltek.

---

SAKLISTE

Sak 33/26: Godkjenning av innkalling og referat

Sak 34/26: Meldingar

Sak 35/26: Evaluering av kyrkjejubileet.

Sak 36/26: Kyrkjelydsval 2027. Orientering.

Sak 37/ 26: Eventuelt

**Sakspapir blir skrivne ut til møtet.**

**VELKOMMEN TIL MØTET!**

For sokneråd

Margun Mikkelsen Tordal

**SAKLISTE:**

**33/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for sokneråsmøte 30.04.26, med merknader.**

*Framlegg til vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for sokneråsmøte 04.06.26, med merknader blir godkjende.*

**34/26: Meldingar:**

*Framlegg til vedtak: Framlagde meldingar blir tekne til vitande.*

a. Kyrkjeverja vår har sagt opp stillinga si med verknad frå 01.05.27.
*b.* Reinhaldar Siv Ljones har sagt opp si stilling som reinhaldar i Strandebarm kyrkjelydshus frå 01.08.26. Torill Gjerde er engasjert som ny reinhaldar med kontraktstid eitt år om gongen, på pensjonistvilkår.
c. Kyrkjeleg Fellesråd fekk 10.000 kr frå Kvam herad. Gåva blei overrekt av rådmannen under festmiddagen sundag under jubileet.
d. Strandebarm kyrkjelyd fekk ei gåve frå sokneråda i Ålvik, Øystese og Vikøy sokn til jubileet. Me takkar for gåva og symbolikken som dei vil minna oss om: Oppgåva er å vera menneskefiskarar!
e. Tilråding til auka kyrkjelege avgifter og gravstell for 2027, som blir sendt Kvam heradsstyre.
f. Orientering om betaling gjennom Fellesrådet.
g. Alle lyspærer i store hengelampar over benkeradene er skifta.
h. Leiv Magnar Fosse vaska alle fire sider av ytterveggene til kyrkja før jubileet. Han og Lillian fekk blomar og litt tilbehør som takk for innsats gjennom mange år på kyrkjegarden og rundt kyrkja, laurdag under jubileet.
i. Gravar Bjørn Kåre Thorvaldsen og slåttekar Jurij ?? skal begynna å riva gjerda rundt kyrkjegarden og setja opp nytt! Det er eit prosjekt som me har snakka om mange gonger. Takk til Olav Skeie Lid som set det heile i gong!

**35/26: Evaluering av kyrkjejubileet.**

Me vurderer ilag punkt for punkt i «to do»- lista som blei utarbeidd og sendt ut til alle som skulle delta med praktisk arbeid ila helga.

- Kva var det god flyt i under arbeidet?
- Kvar hadde det trengst fleire hender til å hjelpa?
- Noko program som kunne vore i tillegg? Trekt ifrå?
- Var prisane på varer/ tenester som jubileumsnemnda/ soknerådet ytte ok?

- ***Kva sit me igjen med av inntrykk og erfaringar etter jubileet?***

**Sak 36/26: Kyrkjevalet 2027. Orientering. Sjå vedlegg.**

*Framlegg til vedtak: Orienteringa frå Bjørgvin bispedømekontor blir teke til vitande og behandla grundigare på neste soknerådsmøte, 15.10.26.*

**Sak 37/26: Eventuelt**